



- Ein gladsak for Uskedalen, sa Gunn Mari Moberg (lengst til venstre) då forvaltningskomiteen handsama byggjesaka til Erlend Bjørnebøle på Dønhaug første gong. Til høgre for henne sit leiar Einar Saghaug og Morten Vevatne. Bak ser ein kart over det aktuelle området i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Dette er ein sak som me berre kan klubba igjennom. Det er ein gladsak for Uskedalen!
Det sa Gunn Mari Moberg (H) frå Uskedalen då forvaltningskomiteen onsdag handsama bustadprosjektet til Erlend Bjørnebøle ovanfor Halsabrotet.
Han ønskjer at det skal byggjast 15 bustader der.**

Komiten sa samrøystes ja til oppstart av arbeidet med privat reguleringsplan for deler av eiegen til Bjørnebøle. Heile det aktuelle området er på 34 dekar.
Før endeleg planforslag vert fremja for kommunen for utleggjing til offentlig ettersyn, skal det avklarast med arkeologiske myndigheiter at tiltak ikkje kjem i konflikt med fornminne.

I lista med føringar for det vidare arbeidet er ordet 'bør' nytta fleire gonger og det utløyste reaksjonar frå politikarane at det ikkje stod 'skal'.
Øyvind Hardeland (A) tok opp saka først. Verksemdsleiar Tormod Fossheim presiserte at 'bør' er nytta i plan- og bygningslova og leiar Einar Saghaug (IP) og Thorleif J. Hellesøy (US) såg ingen trong for å endre formuleringane.

- Vi kan ikkje endre reglementet, men må fylgja den gamle prosedyren, sa Hellesøy.
Dermed blir det til dømes ståande at det i planen bør takast omsyn til tilkomst for ålmenta, at planen bør utarbeidast av fagkunnige og at ein bør utarbeide ein kulturlandskapsvurdering. Vatn og kloakknett bør vera på plass før bustader i området blir byggjemeldt og planen bør visa tilstrekkeleg med fellesareal og leikeplass innanfor planområdet. Ein ny adkomstveg må vurderast nøye.

I reguleringsplanen bør ein mellom anna setje krav til estetisk utforming av bygningar i høve til materialval, fargar, takform, mønehøgde, grunnflate, spesiell landskapstilpassing til eksisterande bebyggelse og energisparande tiltak.

Bjørnebøle har vore i kontakt med fleire firma for å laga reguleringsplan, men dette er kostbart. Difor ville han drøfte med og få synspunkt frå kommunen før han går i gang med prosjektet.

Av Ola Matti Mathisen